

Retningslinjer for rusførebyggande arbeid i dei vidaregåande skulane

Føremål

Føremålet med retningslinjene er å skape eit trygt og inkluderande miljø der alle elevar blir sett og tatt vare på, og samtidig hjelpe og støtte risiko-elevar til å kome seg ut av ein vanskeleg situasjon. På den måten skal retningslinjene bidra til at elevane lettare kan gjennomføre utdanninga si.

Retningslinjene skal sikre at Hordaland fylkeskommune som skuleeigar har eit system for

- å sikre at skulane kartlegg risiko og utfordringar knytt til rus på sin skule
- å sikre at skulane følgjer opp kartlegginga, utarbeider og evaluerer tiltak som eit ledd i det systematiske arbeidet for å fremje elevane si helse, miljø og tryggleik etter opplæringslova § 9A.

Omfang

Retningslinjene gjeld alle dei vidaregåande skulane.

Gjennomføring

Skulen skal kvart år i tråd med rettleiar og mal for det rusførebyggande arbeidet i Hordaland fylkeskommune lage ein handlingsplan for det rusførebyggjande arbeidet. Handlingsplanen er eit verktøy for å planlegge, følgje med og handle på tre nivå:

- Førebygging
- Tidleg innsats
- Gode rutinar ved bekymring og mistanke om rusbruk

Mål og tiltak skal utarbeidast etter kartlegging av risiko og utfordringar.

Rektor har ansvar for at skulen har oppdatert kompetanse i det rusførebyggande arbeidet.

Det er rektor sitt ansvar å informere og involvere tilsette, elevar og foreldre slik at alle er godt kjent med skulen sitt rusførebyggande arbeid.

Rapportering

- Rektor har ansvar for at det vert gjennomført ei årleg evaluering av tiltaka i planen. Skuleeigar følgjer opp gjennom faste VBV-møte på skulane
- Status for det rusførebyggjande arbeidet inngår i kvalitetsmeldinga
- Skuleeigar skal i samband med tilsyn knytt til § 9A vurdere det rusførebyggande arbeidet ved skulen

Skjema

Rettleiar

Mal

Namn på dokument

Type dokument
Hordaland fylkeskommune

Godkjend av:

Godkjend dato:
Revidert dato:

Utarbeidd av:

Arkivsak:
Side 1 av 2

Namn på dokument
Type dokument
Hordaland fylkeskommune

Godkjend av:
Godkjend dato:
Revidert dato:

Utarbeidd av:
Arkivsak:
Side 2 av 2